

Skriv vakkert om Uskedalen

02.12.2012

Vibeke Hærem Østmo har skreve 4 lange lesarbreve om ferieturen i fjor sommar til barndomsøya Stord. Dei er å finna i avisa Sunnhordland og beskriv i detalj ein rundtur i området.

Familien kjem også innom Uskedalen som vert omtala svært positivt. Det gjeld i særleg grad Dønhaug og vi overlet pennen til Vibeke:

'Ein gjestegard litt høgt oppe med eit storslått utsyn inetter dei blå fjella og fjordarmane. Eit heilt hus hadde me for oss sjølve den natta, men dei andre kom sjølvsagt etter neste dagen og ville vera med dei og.

To døgn var me der, dei unge klatra i fjellet heile dagen, mannen min og eg gjekk turar som passa oss. Om kvelden sat me ute i den gamle hagen og hadde middag i solefallet..

Den kveldsstunda er fest i minnet vårt. Det er ikkje måte på kor vakkert det er i landet vårt. Vestlandet spesielt, det er ikkje til å kome frå, Eg trur det meste av naturlyrikken vår er skriven med inntrykk frå Vestlandet'

Reisebrevet er illustrert med foto frå Nåso og av storfamilien som er 'samla til frukost i vakre Uskedalen'

Av Ola Matti Mathisen